



Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
	Formannskapet	
	Kommunestyret	

Reinhald Volda omsorgssenter - auke bemanning

Samandrag:

Volda kommune har fokus på å drive effektivt og gjere endringar for å tilpasse oss ein lågare vekst for seinare år. Reinhaldstenesta i Volda kommune tek over eksternt reinhald etter utgått avtale frå 01.01.21. Innsparing for kommunen for dagleg reinhald ved Volda omsorgssenter utgjer Kr. 165.000 ved bruk av eige personell.

Kommunedirektøren si tilråding:

Volda kommunestyre gjev løyve til at det vert oppretta 130 % stilling i sektor for samfunnsutvikling. Stillingsressursen vert plassert i eigedomsavdeling ved seksjon reinhald.

Tiltaket vert finansiert ved å flytte ramme på 810 000 kroner frå sektor helse og omsorg til sektor for samfunnsutvikling.

Saksopplysningar:

Volda omsorgssenter har gjennom siste år hatt avtale kring daglig reinhald med ekstern tilbydar, denne avtalen går ut 31.12.2020. I samband med at avtalen vert avslutta er det vurdert ny utlysing, eller internt løyse det daglige reinhaldet ved omsorgssenter. Vurderinga er også gjennomført i samband med økonomi og budsjettprosess for 2021-2024. Volda kommune har stort behov for innsparing, der vi må innstille oss på å drive effektivt og gjere endringar for å tilpasse oss ein lågare vekst for seinare år.

I helse og omsorg ser en ei dreiling av ressursane, som gjer det naudsint med driftsreduserande tiltak. I samband med at ekstern avtale vert avslutta ser ein eit innsparingspotensiale på Kr. 165.000 med gjennomføring av daglig reinhald internt i Volda kommune.

Kostnad med teneste, 130%:

Lønsutgifter	760. 000,-
Drift/ reinhaldsutstyr	50.000,-
Samla kostnad	810.000,-

Seksjon reinhald har gått igjennom dagens avtale som ein har hatt med ekstern tilbydar og satt opp forslag til internt reinhald basert på lik frekvens og areal. For at kommunen skal ta over reinhaldet er det ein føresetnad at ein må tilsetje reinhaldsoperatørar tilsvarende 130% stilling.

Ved å gå for internt reinhald på omsorgssenteret ser ein potensiale for stor fleksibilitet kring å dekkje reinhaldsbehov og utvikle kommunen sitt robotprosjekt på reinhald, smittevask mm. Dette gjer at ein kan styrke reinhaldet ved omsorgssenteret, også ved kortsiktige og langsiktige behovsendringar.

Vurdering og konklusjon:

Etter samla vurdering i samarbeid mellom Helse og omsorg og eigedom i sektor for Samfunnsutvikling ynskjer ein at reinhaldet skal gjennomførast internt i kommunen og at det i denne samanhengen tilførast 130% stilling til seksjon reinhald. Helse og omsorg overfører Kr. 810.000 frå Helse og omsorg sitt reinhaldsbudsjett, over til seksjon reinhald for dekking av kostnadar.

Likestillingsmessige sider ved saka:

I samband med fleire stillingar vil ein så langt som råd sjå om ein kan slå saman mindre stillingar til heile stillingar. Dette er eit arbeid som ein forsøker ved endringar, dette er eit tiltak for god personalpolitikk.

Konsekvensar for folkehelsa:

Ingen spesielle.

Miljøkonsekvensar:

Ingen spesielle.

Økonomiske konsekvensar:

Ved gjennomføring av reinhald i communal regi vil kommunen spare Kr. 165.000 pr. år på det daglige reinhaldet ved Volda omsorgssenter.

Beredskapsmessige konsekvensar:
Ingen spesielle.

Konsekvensar for barn og unge:
Ingen spesielle.

Har [eldreråd, råd for personar med funksjonsnedsetting og ungdomsråd](#) fått saka til uttale?
Ikke vurdert som aktuelt.

Utskrift av endeleg vedtak:

Helse og omsorg v/kommunalsjef
Personalavdeling v/personalsjef
Samfunnsutvikling v/kommunalsjef
Økonomiavdeling v/Kari Mette Sundgot

Rune Sjurgard
kommunedirektør